



Fylkesmannen i Hordaland

Saksbehandler, telefon
Kari des Bouvrie, 5557 2022

Vår dato
12.12.2018
Deres dato
31.10.2018

Vår referanse
2018/13879 522.5
Deres referanse

OVE GEORG HVIDSTEN
Kvamsvegen 62
5911 ALVERSUND

Svar på søknad - Ove Georg Hvidsten - Lindås - Erstatning for avlingssvikt 2018 - Vekstgruppe grovfôr

Fylkesmannen syner til din søknad av 31.10.2018 om erstatning for avlingssvikt i grovfôr, oversendt frå Lindås kommune den 11.12.2018.

Vedtak

Føretaket Ove Georg Hvidsten, org. nr. 876047012 er tilkjent utbetaling av erstatning på kr. 68.025,- etter avlingssvikt i grovfôrproduksjon i 2018. Beløpet vert med det fyrste overført til din konto 36326137272.

Heimel

Søknaden er handsama etter *Forskrift om satser for og beregning av erstatning ved klimabetingede skader i plante- og honningproduksjon* av 15. september 2015 («satsforskrifta») og *Forskrift om erstatning ved klimabetingede skader i plante- og honningproduksjon* av 17. januar 2012 («erstatningsforskrifta») I tillegg har Rundskriv 2018-35 erstatta tidlegare rundskriv og inneheld ein del presiseringar for utrekning av erstatning i skadeåret 2018.

Vedtaket er basert på opplysningar som er gjeve i søknaden. Feil utbetalt tilskot kan verte kravd tilbake, jf. "erstatningsforskrifta" § 8. *Dette kan til dømes gjelde dersom andre tilhøve enn klima er årsak til delar av avlingssvikten utan at desse er oppgjeve. Fylkesmannen kan i ettertid utføre kontroll, jf. § 7.*

Dersom det er oppgjeve feile opplysningar i søknaden kan resten av tilskotet i tillegg verte avkorta, jf. § 9. Viss du oppdagar at du har gjeve feile opplysningar i søknaden, ber vi deg kontakte Fylkesmannen så snart som mogleg.

Generell informasjon

Føremålet med ordninga er å redusere det økonomiske tapet som oppstår ved produksjonssvikt som kjem av klimatiske tilhøve som det ikkje er mogleg å sikre seg mot. Det er ikkje føremål å dekkje heile tapet.

- Årsak til skade: Ein kan ikkje få erstatning for delar av skaden som har andre årsaker enn klima. Til dømes når svak gjødsling, dårleg drenering, beiting av hjort eller anna gjer at avlinga i skadeåret vart dårlegare enn avlinga ein normalt oppnår. Søkjar, kommune og Fylkesmann vurderer kvar stor del av skaden skuldast klima. Dette vert gjort ved at «klimaprocent» endrast.
- Normavling: Det er sett ei standard norm for venta avling for alle kommunane i Hordaland, sjå tabell under. Tidlegare vart årsak til lågare venta avling enn normavlinga korrigerert. Dette vert ikkje gjort i år (syner til Rundskriv 2018-35).

| | Normavling, gruppe 3, Hordaland |
|---|---------------------------------|
| Fulldyrka eng til slått og beite, PT kode 210 | 540 FEm/daa |
| Overflatedyrka eng til slått og beite, PT kode 211 | 430 FEm/daa |
| Andre grovfôrvekstar, PT kode 213 | 430 FEm/daa |

- Føretaket bør ha gjeve melding til kommunen så snart ein hadde mistanke om avlingssvikt grunna klimatiske tilhøve. Årsaka er at kommunen skal ha moglegheit til å kome på kontroll på eit hensiktsmessig tidspunkt for å vurdere skaden. Det er ikkje krav om kontroll på kvart føretak som i andre år; kun stikkprøve kontroll.
- Avling som vart hausta i skadeåret: Hausta avling i 2018 vert rekna ut frå kubikk masse i siloar, total vekt av rundballar, direktefôring, beiting mm. Det vert ikkje korrigerert for kor mykje graset er fortørka eller for energiinnhaldet. Det er kun mengde fôr som går inn i utrekninga.
- Utrekning av erstatningsbeløp: Det vert berre gjeve erstatning for produksjonssvikt ut over eigendelen på 30 % av gjennomsnittsproduksjonen/venta avling. Erstatningssummen vert rekna ut etter ein sats på **5,40 kr. per fôreining**. Satsen vart auka 25. oktober frå kr. 3,85 som den var i fjor. Det vert ikkje teke omsyn til kor store dei reelle tapa har vore.

Vurdering for føretaket ditt

Du har ikkje gjeve melding til kommunen om mogleg avlingssvikt før søknaden vart sendt. Kommunen har ikkje vore på synfaring men vurdert skadeårsaka til å vere klimatisk.

Du har oppgjeve at årsaka til skade var ein uvanleg tørr sommar med lite nedbør. Dette gjorde at avlinga vart lågare enn normalt.

Kommunen har korrigert for årsak til skada ved å sette klimaprosenten til 20 %. Vurderinga skal spegle at arealet vert drive på ein agronomisk forsvarleg måte, men at delar av avlingssvikta kan skuldast andre ting enn klima (som beiting av hjort/grågås, svak gjødsling, gamal eng osv). Fylkesmannen har ikkje gjort ytterlegare vurdering av skadeårsak.

Storleik på arealet var i 2018 på 34 daa fulldyrka og 51 daa overflatedyrka eng; PT kode 210 og 211.

Produksjon av grovfôr i skadeåret er estimert til 10 207 FEm, eller i snitt 120 FEm/daa. Dette gjev følgjande utslag i utrekning av erstatning for ditt gardsbruk:

| Erstatningsberegning | |
|--|--------------|
| Forventet avling FEm i skadeåret (normavling x avling i skadeåret) | 40290 |
| Trekk 30 % egen risiko, FEm | 12087 |
| Trekk i avling i skadeåret (oppmålt fôrlager – overlageret fôr + solgt grovfôr + fôropptak på grovfôrealet), FEm | 10207 |
| Avlingssvik i skadeåret i FEm | -17996 |
| Avlingssvik som skyldes klima i % | 20 |
| Andel avlingssvikt som kan erstattes. Beregningsgrunnlag, FEm | -12597 |
| Erstatningssats, kr. pr FEm | 5,40 |
| Andel avlingssvikt som kan erstattes. Beregningsgrunnlag, kr. | -68025 |
| Samlet erstatningsgrunnlaget, kr. | 68025 |

Minusteikn framfor talet for avlingssvikt i FEm og kr visar at det er berekna avlingssvikt etter at eigendelen er trekt frå. Når det ikkje er rekna avlingssvikt etter at eigendelen er trekt frå, står tala utan minusteikn.

| | Erstatning i kroner |
|-------------------------------|---------------------|
| Grunnlag etter avkorting, kr. | 68.025,- |
| Tilkjent erstatning, kr. | 68.025,- |

Erstatning under kr. 5 000,- og over kr. 1 500 000,- vert ikkje utbetalt.

Klagerett

Du kan klage på vedtaket innan 3 veker etter at du fekk dette brevet. Ei eventuell klage skal stilast til Landbruksdirektoratet, men sendast til kommunen din. Kommunen skal kome med uttale til saka og sende vidare til Fylkesmannen. Dersom Fylkesmannen ikkje tek klaga til følge, vert klaga handsama vidare av Landbruksdirektoratet. Klaga bør vera grunngjeve, jf. § 32 i forvaltningslova. Spørsmål kan rettast til landbruksforvaltninga i kommunen eller til saksbehandlar hos fylkesmannen.

Med helsing,

Åse Vaag
landbruksdirektør

Kari Elsa A. des Bouvrie
rådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Kopi til:
Lindås kommune Kvernhusmyrane 20 5914 ISDALSTØ